SAMNANGER KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: **Naturutvalet**
Møtedato: **08.03.2016**
Møtetid: **17:00 - 19:50**
Møtestad: **Kommunehuset**

Av 9 medlemmer møtte 8, inkludert 2 varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje under handsaming av saka:	**I staden møtte:**
Vidar Tveitarås (Ap) Anja Elisabeth G. Markhus (Bl) Ingvil BogevikBogevik (Frp)	Gunn Ø.Petersen (Ap) Arne Jørgensen (Sp)

Andre som var til stades på møtet:
Ass.rådmann Våge, Planleggar R.Aandahl og Byggjesakshandsamar E.Castello

Møteleiar:	Karl Kollbotn (Frp)
Møtesekretær:	Hilde-Lill Våge

Merknader:
Utvalet sine medlemmar pluss 1. og 2. vara var invitert til opplæring i PBL -plandel

Orienteringar/meldingar:	Planleggar R,Aandahl gjekk igjennom PBL i første del av møtet (kl. 17.00-19.30). Fokuset var på den del av lova som gjeld plan og arbeidet med kommuneplan, samt utvalet sine moglegheiter for å legge føringar planen. Følgjande representantar møtte på opplæringa i tillegg til representantane som deltok i handsaminga; Ingvild Bogevik (Frp), Kjell R. Norvik (H), Eva Hellevang (H)
Utvalet sitt kvarter:	Sture Tveit (H) stilte spørsmål om kvifor bustadhus på Totland ikkje var påkopla kommunalt vassverk, etterlyste avtale med BKK. Ass.rådmann orienterte om at det er avtalt eit møte med BKK etter påske. Karl Kollbotn (Frp) orienterte om Frp sitt arbeid med å få fjerna bommen i Kvitingen, og at han vil legge fram ei sak på det til neste formannskapsmøte.
Dokument utlevert i møtet:	Møtande representantar får tilsendt opplæringsdokumentet digitalt.

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 18.03.2016

Underskrift utvalsleiar	Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	**Arkivsak**	**Sakstittel**	**Merknad**
011/16	16/251	Faste saker	
012/16	15/744	Dispensasjon. Byggesak GBNR 45/50 - Naust med kai - Sandvika	

SAKNR. 011/16
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

08.03.2016 NATURUTVALET
Handsaming i møtet: Møteinnkallinga og saklista vart samrøystes vedteke.
Utvalet sitt kvarter: Sture Tveit (H) stilte spørsmål om kvifor bustadhus på Totland ikkje var påkopla kommunalt vassverk, etterlyste avtale med BKK. Ass.rådmann orienterte om at det er avtalt eit møte med BKK etter påske.
Karl Kollbotn (Frp) orienterte om Frp sitt arbeid med å få fjerna bommen i Kvitingen, og at han vil legge fram ei sak på det til neste formannskapsmøte.

NAT-011/16 VEDTAK:
- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 012/16
DISPENSASJON. BYGGESAK GBNR 45/50 - NAUST MED KAI - SANDVIKA

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Med heimel i plan- og bygningslova §§ 19-2, 1-8 og 11-6 vert det ikkje gjeve dispensasjon til etablering av naust med tilhøyrande kai på GBNR 45/50.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.
Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klaga er postlagt innan fristen går ut.
Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtak. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtaket)og kva som er endringar De som part ynskjer. Klaga skal grunngjevast.

08.03.2016 NATURUTVALET
Handsaming i møtet: Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

NAT-012/16 VEDTAK:
Med heimel i plan- og bygningslova §§ 19-2, 1-8 og 11-6 vert det ikkje gjeve dispensasjon til etablering av naust med tilhøyrande kai på GBNR 45/50.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.
Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klaga er postlagt innan fristen går ut.
Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtak. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtaket)og kva som er endringar De som part ynskjer. Klaga skal grunngjevast..